

Frå 60.000 i fjor til 39.000 i år

14.06.2010



Det trugande veret samt fotballcup på Halsnøy var truleg to hovedgrunnar til at årets Aktivitetsdag i båthamna vart mindre besøkt enn den tilsvarende dagen i fjor.

Naturleg nok var det nyttelaust å tella dei som kom, men det blir gjetta på at det var 1.500 i fjor og 1.000 i år .

Omsetjinga gjekk etter alt å dømme attende frå rekordsummen 60.000 til nær 39.000 opplyser Klara Bakke til uskedalen.no.Men ho presiserar at ho byggjer på ei grovteljing.

I tillegg peikar ho på at dei hadde mindre utgifter i år enn i fjor til leige av aktivitetstilbod og ho kan lova at det blir ein fin sum til Aktivitetshuset som resultat også av laurdagens arrangement.

Damevennene er i alle fall svært takksame for at så mange gjorde ein stor innsats også i år for at Aktivitetsdagen skulle bli så vellukka som mogeleg. Denne dagen har vorte eit fast, sommarleg høgdepunkt i bygda.

Det var også eit klokt, strategisk trekk å leggja opp til så god telt-dekning (det øverste biletet).

Under er Oddmund Soldal snart framme ved bjella på den fantastiske farkosten sin.

(Foto: Ola Matti Mathisen og Trude Aarsand, Kvinnheringen)

